



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Johan Bergerud	Arkivkode: FA-K46, TI-&18
Arkivsaksnr: 19/482	Løpenr: 19/4109
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Naturutvalet	28.05.2019	010/2019

Handsaming av søknad om godkjenning av søknad om bestandsplan for hjort Einareåsen hjortevald 2019-2021

28.05.2019 Naturutvalet:

Handsaming i møtet:

Gunn Petersen (Ap) er grunneigar i hjortevaldet og bad om å vera ugild. Ho gjekk i frå og vart samrøsytes funnen ugild, FVL § 6

Framlegg frå rådmannen vart samrøsytes vedteke.

NAT- 010/2019 Vedtak:

Samnanger kommune godkjenner bestandsplan for Einareåsen hjortevald for perioden 2019-2021.

Det vert gjeve løyve til å fella 210 dyr over ein treårs periode, eller gjennomsnittleg 70 dyr årleg.

Avskytinga skal vere som planen synar, og det skal ikkje vera større avvik enn 10 % i den totale avskytinga eller av dei ulike kjønns og alderskategoriane. Dett gjev eit areal på 613 da per løyve.

Vedtaket har heimel i forskrift om forvaltning av hjortevilt § 7 og 16.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Samnanger kommune godkjenner bestandsplan for Einareåsen hjortevald for perioden 2019-2021.

Det vert gjeve løyve til å fella 210 dyr over ein treårs periode, eller gjennomsnittleg 70 dyr årleg.

Avskytinga skal vere som planen synar, og det skal ikkje vera større avvik enn 10 % i den totale avskytinga eller av dei ulike kjønns og alderskategoriane. Dett gjev eit areal på 613 da per løyve.

Vedtaket har heimel i forskrift om forvaltning av hjortevilt § 7 og 16.

Dokument som er vedlagt:

Søknad om godkjenning av bestandsplan for Einareåsen hjortevald

Bestandsplan hjort Einareåsen hjortevald 2019-2021

Kva saka gjeld:

Einareåsen hjortevald har søkt om godkjenning av bestandsplan for hjort for perioden 2019-2021.

Planen har følgjande målsetjing

Forvaltinga av hjortestamma skal sikre god produksjon og avkastning, sunne og friske dyr, samt ei bestandsutvikling som er tilpassa leveområde si bæreevne og aktivt landbruk.

Dei viktigaste delmåla er at bestanden skal stabiliserast/reduserast ihøve til overordna kommunale mål. Skadepresset på skog og eng skal reduserast.

Valdet eit tiltak i planen at dei skal ha ein forvaltningsmessig samarbeid med nabovald om bestandsretta forvaltning.

Vurderingar og konsekvensar:

2014-2018		
	mål	skutt
Kalv	20	21,4
Kvige	19,7	19,7
spissbukk	20,3	17,9
kolle	20	20,1
Bukk	20	20,7

Tabell 1: Avskyting i perioden 2014-2018 mot måla i den førre bestandsplanen.

Avskytinga i den førre planperioden har vore etter målsetjinga med mindre avvik, men innanfor det som kan akseptierast.

For den nye planperioden har valdet ein slik målsetjing for kva type dyr dei skal fella: Kalv 22,8 %, Kvige 1 ½ år 19, %, Spissbukk 1 ½ år 19 %, kolle eldre 19,5 % og bukk eldre 19,5 %. Landbrukskontoret ser positivt på at valdet aukar avskytinga på kalv.

Valdet søkar om å få løyve til å fella 70 hjort i året i planperioden, dette tilsvarar eit areal på 613 da pr løyve og er innanfor det kommunen kan tildela i høve til reglene om fråvik frå minsteareal i forskrift om forvaltning av hjortevilt .

Valdet eit tiltak i planen at dei skal ha ein forvaltningsmessig samarbeid med nabovald om bestandsretta forvaltning.

Forskrift om forvaltning av hjortevilt opna no for at fleire vald kan utarbeide felles bestandsplan. Ein ser som resultat av Hordahjortprosjektet og prosjektet Bestandsplanområde for hjort at hjorten brukar og trekker over større områder enn det som var oppfatninga tidlegare. På grunnlag av dette kan det i løpet av planperioden til valdet komma alternativ til dagens bestandsplanar. Kommunen har moglegheit til å trekka tilbake godkjenninga for heile eller delar av denne planperioden dersom det kjem eit alternativ til dagens ordning.

Planen tilfredstillar dei formelle krava og administrasjonen rår til at planen vert godkjent slik han ligg føre.

